

Saksframlegg

Saksbehandler	Arkiv	ArkivsakID
Flacké, Dag	K1 - 232	15/896

Saksnr	Utvalg	Type	Dato
048/15	Kommunestyret	PS	09.09.2015

HØYRINGSUTTALE EIGEDOMSSKATTLEGGING AV ARBEIDSMASKINER MM. I VERK OG BRUK

Vedlegg:

Høringsbrev.docx

Høring om eiendomsbeskatning av arbeidsmaskiner mv. i verk og bruk

Høringsinstanser.docx

Høringsnotat om eiendomsskatt på arbeidsmaskiner.docx

TIL ORDFØRER OG RÅDMANN I KOMMUNER MED EIENDOMSSKATT

HØRING - REGJERINGENS FORSLAG OM ENDRINGER I EIENDOMSSKATTELOVENS REGLER OM VERK
OG BRUK

FINANSDEPARTEMENTETS NOTAT 18. JUNI 2015 OM EIENDOMSSKATT PÅ VERK OG BRUK -
HØRINGSUTTALELSE FRA LANDSSAMANSLUTNINGA AV VASSKRAFTKOMMUNAR (LVK)

Forslag til vedtak:

1. Eit bortfall av eiendomsskatt på produksjonsutstyr og på verk og bruk vil innebære eit årleg inntekts tap på om lag 3.6 mill. kroner for Hjelmeland kommune, noko som vil vere dramatisk for velferds- og tenesteproduksjonen i kommunen.

Lokal fastsetjing av skatt på produksjonsutstyr og installasjonar og på verk og bruk er ein viktig føresetnad for god tilrettelegging og godt samarbeid om nærings- og infrastrukturbygging, og er eit godt grunnlag for lokalt sjølvstyre og gode velferdstenester.

2. Hjelmeland kommune ber om at høyringsnotatet sine forslag til endringar i eiendomsskattelova vert trekt, og at dagens definisjon av verk og bruk, samt at det skal vere skatt på produksjonsutstyr og installasjonar, vert vidareført, for å sikre kommunens inntekter.
3. Hjelmeland kommune ber om at gjeldande takseringsreglar blir del av felles nasjonale forskrifter som sikrar betre likebehandling.
4. Hjelmeland kommune sluttar seg elles til KS og LVK sine høyringar i denne saka. Kommunen støttar og resolusjon frå LVK's landsmøte av 21.08.2015.

Forslag til tilleggspunkt:

5. Hjelmeland kommune ønskjer å endre på § 11 og § 12 til at kommunene også kan gi botnfrådrag til



**HJELMELAND
KOMMUNE**

f.eks skjerming av småbedrifter og til å kunne gi fritak for nystarta bedrifter.

Hjelmeland, den 28.08.2015

Dag Flacké
Rådmann

Kommunestyret - 048/15

KST - behandling:

Høyre la fram eit tilleggsforslag om å føye til eit punkt 5 i kommunen sin høyringsuttale.

Rådmannen sitt forslag og tilleggsforslag frå Høyre vart samrøystes vedtatt.

KST - vedtak:

1. Eit bortfall av eigedomsskatt på produksjonsutstyr og på verk og bruk vil innebere eit årleg inntektstap på om lag 3.6 mill. kroner for Hjelmeland kommune, noko som vil vere dramatisk for velferds- og tenesteproduksjonen i kommunen.

Lokal fastsetjing av skatt på produksjonsutstyr og installasjonar og på verk og bruk er ein viktig føresetnad for god tilrettelegging og godt samarbeid om nærings- og infrastrukturbygging, og er eit godt grunnlag for lokalt sjølvstyre og gode velferdstenester.

2. Hjelmeland kommune ber om at høyringsnotatet sine forslag til endringar i eigedomsskattelova vert trekt, og at dagens definisjon av verk og bruk, samt at det skal vere skatt på produksjonsutstyr og installasjonar, vert vidareført, for å sikre kommunens inntekter.
3. Hjelmeland kommune ber om at gjeldande takseringsreglar blir del av felles nasjonale forskrifter som sikrar betre likebehandling.
4. Hjelmeland kommune sluttar seg elles til KS og LVK sine høyringar i denne saka. Kommunen støttar og resolusjon frå LVK's landsmøte av 21.08.2015.
5. Hjelmeland kommune ønskjer å endre på § 11 og § 12 til at kommunene også kan gi botnfrådrag til f.eks skjerming av småbedrifter og til å kunne gi fritak for nystarta bedrifter.

Saksopplysninger:



**HJELMELAND
KOMMUNE**

Saksopplysningar:

Samandrag

Finansdepartementet har i brev av 18. juni sendt eit forslag om å oppheve reglane om eigedomsskatt på arbeidsmaskiner m.m. i verk og bruk ut på høyring med høyringsfrist 18. september 2015. Forslaget er ein fylgje av Sundvollen-erklæringa si punkt om å fjerne eigedomsskatt på maskiner.

"Regjeringen vil:

Frita fastmonterte, ikke-integrerte maskiner fra eiendomsskatt i industrianlegg (gjelder ikke kraftanlegg)."

Dette er ei sak som generelt kan få store økonomiske konsekvensar for kommunane. Dette gjeld også for Hjelmeland kommune.

KS og LVK (Landssamanslutninga for vasskraftkommunar) har begge oppmoda berørte kommunar om å gi uttale til høyringsnotatet.

Kommunane har sidan 1800-talet kunne skrive ut eigedomsskatt på verk og bruk. Verk og bruk er ein kategori nærings eigedom, og gjeld tradisjonell industri, gruvedrift, sagbruk osb., men også kraftverk, infrastrukturanlegg (kraftlinjer og teleanlegg, breibandsnett, kabelTV-nett), noko som er forstått i rettspraksis.

Skattlegging av produksjonsutstyr i verk og bruk vert foreslått fjerna. Det same gjeld at også "produksjonsinstallasjonar" skal vere friteke for eigedomsskatt.

Departementet har i høyringsnotatet to alternative modellar.

a) Frita produksjonsutstyr og –installasjonar frå eigedomsskattlegging. Dette inneber at verk og bruk framleis vil vere eit sjølvstendig utskrivingsalternativ.

b) Fjerne verk og bruk som eigen kategori i eigedomsskatten.

Kommunane sine høve til å skrive ut eigedomsskatt på kraftanlegg skal ikkje vere omfatta av nokon av forslaga.

Bakgrunnen for forslaga frå regjeringa er at ein ser behov for å ha enklare reglar med betre grunnlag for å likebehandle alle typar nærings eigedom.

Departementet har ikkje teke stilling til kva av dei to alternativa ein eventuelt bør erstatte dagens reglar med, og vil foreta ei nærmare vurdering av dette etter høyringsrunden.

Det er likevel klart at store industrianlegg vil få betydeleg skattelette som følgje av forslaga til endring, noko som også vil føre til betydeleg inntektsbortfall for vertskommunane. Staten vil også få ei meirinntekt gjennom ordinær selskapsskattelegging, då bortfall av eigedomsskatt vil føre til betra skattemessige driftsresultat i bedriftene.

Grunngjevinga frå departementet for forslaget til endringar i eigedomsskattlegginga er at Eigedomsskattelova ikkje gir definisjonar av omgrepet "verk og bruk", men er prøvd i fleire rettsinstansar. Dagens eigedomsskattlegging er kritisert frå ulike hald mest på grunn av lovgivinga sin skjønsmessige utforming og dei avgrensingsproblema dette medfører, noko departementet er kjent med og vurderer som uheldig. Manglande "forutsigbarhet" kan skape grunnlag for tvister mellom kommunane og dei som er eigedomsskattepliktig, noko Hjelmeland kommune også har eigen erfaring med.

Departementet ser at det kan vere hensiktsmessig å ha eit klårare og mindre skjønsmessig lovgrunnlag, slik at ein for framtida kan avgrense talet på grensetilfelle og tvistesporsmål. Ein viser vidare til høyringsnotatet for



HJELMELAND KOMMUNE

meir utfyllande vurderingar (vedlegg). Det vert også vist til saksframlegg og samrøystes vedtak frå KS om saka (vedlegg).

Dei økonomiske konsekvensene for Hjelmeland kommune vil vere omfattande. Anslått innteksttap for kommunen kan årleg vere inntil 3,6 millioner kroner.

Fakta

Hjelmeland kommune er ein stor kommune i areal og ein liten kommune i folketal (mindre enn 2 800 innbyggjarar). Det finns relativt få og små tradisjonelle næringsbedrifter (butikkar, serverings- og overnattingsstader osb.), og få tradisjonelle industribedrifter. Hjelmeland kommune er ein kraftkommune med småkraftverk og "andel" i kraftverk. Det finns havbruksnæring med slakteri, klekkeri og flytande oppdrettsanlegg, og det finns ulike former for industri knytt til masseuttak av sand, stein og grus. Hjelmeland kommune har også omfattande landbruk og fruktdyrking som viktige næringsgrunnlag.

Hjelmeland kommune har sidan 2008 skrive ut eigedomsskatt i heile kommunen, jf. eigedomsskattelova § 3a – faste eigedomar i heile kommune. Alminneleg skattesats er 7 promille for næring og verk og bruk. Verk og bruk er i hovudsak taksert etter substansverdi.

For bustadar og fritidseigedomar er skattesatsen 2 promille, med eit botnfrådrag på 2 promille per bueining.

Fordeling av eigedomsskatt i Hjelmeland kommune

Kategori	Eigedomsskattinntekter i 2015
Bustad og fritidseigedom	Kr. 4 995 934
Næring	Kr. 917 651
Verk og bruk	Kr. 17 750 628
SUM	Kr. 23 664 213

Hovuddelen av eigedomsskatteinntektene frå verk og bruk kjem ikkje frå tradisjonelle industribedrifter, men frå kraftverk og utypiske verk og bruk, som kraftlinenett, telenett, flytande oppdrettsanlegg og masseuttak.

Desse har mykje utstyr i kategorien produksjonsutstyr og installasjonar. Kommunen har ei lang sjøline, og fleire takster inneheld takst for anlegg som brygge og større teknisk utstyr. Frå dei tradisjonelle produksjonsbedriftene utgjer takst for produksjonsutstyret over halvparten av eigedomsskattegrunnlaget (62%).

Eigedomsskatt for hovudkategoriar innan verk og bruk:

Type kategori	Eigedomsskatt 2015
18 takstar som gjeld vasskraftanlegg	Kr. 12 720 953
3 takstar som gjeld linenett kraft	Kr. 2 487 765
5 takstar som gjeld telenett	Kr. 202 405
8 takstar som gjeld flytande oppdrettsanlegg	Kr. 222 215



**HJELMELAND
KOMMUNE**

25 takstar som gjeld produksjonsbedrifter inkl. havbruk	Kr. 1 104 498
17 takstar som gjeld masseuttak stein, sand, grus	Kr. 53 382

Fordelinga for 25 produksjonsbedrifter i kategorien verk og bruk fordelt på tomt, bygningar og produksjonsutstyr er kr. 1 104 532, der produksjonsutstyr utgjør kr. 693 544.

For kraftlinenett, telenett og flytande oppdrettsanlegg og masseuttak er takstdelen for bygningar ikkje-eksisterande eller heilt ubetydeleg.

Takstdelen for verk og bruk utanom kraftverk er i hovudsak ein fast skatteinntekt i 10 år frå alminneleg taksering vart gjennomført i 2008. Eigedomsskatteinntekt for kraftverk er ikkje like forutsigbar, då takstgrunnlaget vert oppgitt årleg frå skatteetaten. Eigedomsskatteinntekt for kraftverk frå skatteetaten vart for Hjelmeland kommune nedjustert frå 2014 til 2015 med ca. kr. 450 000 (frå kr. 13 170 059 til kr. 12 720 953).

Lovar, føresegner, rundskriv

Finansdepartementet 12/388: "Høringsnotat – Eiendomsbeskatning av arbeidsmaskiner mv. i verk og bruk"

KS: "Høring – regjeringens forslag om endringer i eiendomskattelovens regler om verk og bruk."

Økonomiske konsekvensar

Hjelmeland kommune har store inntekter frå eigedomsskatt på verk og bruk, jf. Eigedomsskattelova § 3d.

Den største delen av kommunens eigedomsskatteinntekter innan denne kategorien er frå vasskraftanlegg (kr. 12 720 953 i 2015). Dette vert ikkje omfatta av moglege endringar i eigedomsskattelovgivinga.

Ei endring i lovgivinga slik departementet legg til grunn for høyringsnotatet er likevel av stort omfang for kommunen, og vil føre til vesentleg inntektsbortfall.

Type verk og bruk	Verdi
Linenett kraft	Kr. 2 480 000
Telenett	Kr. 202 405
Flytande oppdrettsanlegg	Kr. 222 215
Masseuttak	Kr. 53 382
Produksjonsutstyr industribedrifter	Kr. 693 544
SUM	Kr. 3 651 546

Gjeldande planar, retningslinjer og vedtak

Hjelmeland kommune har vedteke eigedomsskatt på både bustadar og fritidseigedomar (2 promille), nærings eigedomar og på verk og bruk (7 promille) i heile kommunen.



**HJELMELAND
KOMMUNE**

Vurdering og konklusjon

Hjelmeland kommune bør etter rådmannens vurdering gå i mot regjeringas høyringsforslag til endringar i eigedomsskattelova som medfører bortfall av eigedomsskatteinntekter på verk og bruk av fleire grunnar.

Eigedomsskatt er den einaste skatteinntekta kommunane sjølve kan rå over. Dette gjev i seg sjølv grunnlag for lokalt handlingsrom som det kan vere viktig å hegne om. Eigedomsskatten har stor betydning for lokaldemokratiet og det lokale sjølvstyre.

Vidare er det grunnlag for å problematisere høyringsforslaget sitt utgangspunkt at produksjonsutstyrsregelen er så vanskeleg å praktisere at den gir vilkårlege utslag. Produksjonsutstyrsregelen i eigedomsskattelova fastslår at det er stor grad av samanfall mellom bygningskropp og maskinar og utstyr når det gjeld eigedomens verdi. Maskinar er for ein stor del ein naturleg del av bygningseigedom, og utgjer ofte hovudverdien i ein bygning fordi den gjerne er tilpassa ein bestemt produksjon.

Prinsippet om at produksjonsutstyr skal skattleggast som del av eigedom har rettspraksis i 150 år. Det har vore nokre rettstvistar, den siste høgsterettsdomen er frå 1997 og den siste får lagretten er frå 2002. Seinare tingrettsavgjerder har ført til at kommunane har vunne fram i samtlege utan at dommane er anka. Dette viser at høyringsnotatets problematisering er overdrive.

Når eit så viktig prinsipp for lokal skattefastsetjing som eigedomsskatten i dag gjev rom for, skal prøvast, bør det vere eit betre grunnlag å utfordre gjeldande rett på enn det høyringsnotatet legg opp til.

Rådmannen skal ikkje drøfte om Hjelmeland kommune skal ha eigedomsskatt på produksjonsutstyr og installasjonar spesielt eller på verk og bruk generelt, men vil argumentere for at når kommunen har vedteke å ha slik lokal skattlegging, bør prinsippa for dette ikkje endrast med så store følgjer for kommunens inntekter, når dette i liten grad er eit reelt problem for rettssystemet og når det inneber ei slik omfordeling av dei økonomiske verdiane på bekostning av kommunen.

Det lokale skjønnet, som kvar kommune skal legge til grunn for eigedomsskattlegginga, kan ein til ein viss grad forstå kan vere vilkårleg. Det finns kanskje for få sentrale reglar og retningslinjer for taksering, og fokuset kan med fordel rettast mot systemet for taksering av aktuelle eigedomar for å betre dette. Dette er likevel etter rådmannens vurdering ikkje grunn nok til å gå mot heile ordninga med skattlegging av verdien for verk og bruk i næringsverksemd.

Rådmannen vil også peike på at høyringsforslaget går i praksis ut på å omfordele verdier på en måte som svekkar kommunanes økonomiske handlingsrom. Dei økonomiske verdiane ved ei omlegging vil i første omgang blir overført frå kommunane til bedriftene, og i neste omgang til staten. Med det økonomiske presset kommunane generelt står i for å finne rom for gode velferdstenester, og i den situasjonen Hjelmeland kommune spesielt er i med behov for innstramming i tenesteproduksjonen for å tilpasse utgiftene til dei løpande inntektene, vil eit årleg inntektsbortfall på 3,6 mill. kroner opplevast dramatisk.

For Hjelmeland kommune er det særleg mogleg bortfall av eigedomsskatt på kraftliner, men også på anna utstyr og installasjonar som ikkje er direkte knytt til ein næringsbygning, som vil vere eit problem. Staten og det private næringslivet vil vere avhengige av kommunen som samarbeidspartnar og tilretteleggar, og ein slik vertskommunerolle for andre aktørar vil mest truleg fungere best dersom det også finns økonomiske insentiv for god tilrettelegging. Særleg opplevast dette å gjelde i høve til store statlege selskap som er avhengig av å bandlegge lokalt areal for å drive komersiell verksemd. Dette samarbeidet har lange tradisjonar, og har fungert godt som grunnlag for utbygging av velferdsstaten i mange tiår. Eigedomsskatten er vel og merke ikkje skattlegging av selskapa, men av "objekta" – sjølve anlegga eller eigedom.

Kraftliner og teleanlegg bandlegg store areal i Hjelmeland kommune for å sikre forsvarleg framføring av samfunnskritisk infrastruktur. Det bør ikkje vere urimeleg at vertskommunen for slik bandlegging av nødvendig infrastruktur skal ha høve til å få økonomisk kompensasjon for dette. Om t.d. Statnett berre skulle betale eigedomsskatt på bygningar, vil det vere heilt andre kommunar som vil ha økonomisk utteljing av dette –



HJELMELAND KOMMUNE

gjernes då kommunar der den arealmessige belastninga er meir avgrensa. Flytande oppdrettsanlegg bandlegg større areal/område på sjø, og det kan vera rimeleg med ei kommunal skatteinntekt som kompensasjon for ulemper knytte til slike anlegg.

Ei økonomisk omfordeling av inntekter frå kommunar til statlege bedrifter vil for mange synes urimeleg. Mange av dei store verk og bruk er heilt eller delvis eigd av statlege føretak (kraftlineselskap, oljeselskap, vindkraftanlegg). Kommunane har gjerne vektlagt dei økonomiske fordelane når ein har slutta seg til søknadar om inngrep lokalt. Dette har gjerne vore ein "samfunnskontrakt" for etablering av gode og sikre tenester til folket. Hjelmeland kommune bør etter rådmannens syn hevde at opphøyr av denne "kontrakten" vil kunne føre til dårlegare grunnlag for eit godt framtidig samarbeid om infrastrukturbygging.

Rådmannen tilrår at Hjelmeland kommune vedtek at forslaget frå regjeringa skal trekast tilbake og at dagens definisjon og ordning med skatt på produksjonsutstyr og installasjonar og skatt på verk og bruk med gjeldande verdsettingsprinsipp (substansverdi) vert vidareført. Følgjene for Hjelmeland kommune ved å miste 3,6 mill. kroner årleg vil opplevast svært omfattande og dramatisk for kommunens velferds- og tenestetilbod.

Hjelmeland kommune bør peike på at ein med fordel kan utarbeide betre nasjonalt regelverk for taksering, noko som vil sikre likebehandling og mindre lokalt (og varierende) verdiskjøn.

Hjelmeland kommune bør peike på at eigedomsskatt på produksjonsutstyr og installasjonar og på verk og bruk er ein viktig lokal inntektskjelde som sikrar lokalt sjølvstyre. Hjelmeland kommune bør gå i mot den omfordeling av økonomiske verdiar som høyringsforslaget vil legge til rette for.